

Trelastlageret på offensiven

15.10.2015



**Byggeriet - betre kjent som Trelastlageret - er på offensiven. Det vert bekrefta av tala som Grenda offentleggjer i dag. Årsresultatet for 2013 var ein minus på 31 000, men årsresultatet for 2014 var ein pluss på 334 000.**

**Medan driftsinntektene for ifor var 14 311000 vart driftsresultatet 597 000. Den tradisjonsrike verksemda som vart starta i 1929 har investert betydelege summar i det siste og det har tydelegvis gjeve resultat.**

Som for alle verksemder har det gått opp og ned gjennom åra sidan Tørris Myklebust starta Trelastlageret på Eikelandet.

Det ville til dømes stått dårlig til hvis ikkje Sørål hadde kome i starten av 1960-talet. Satsinga på ferdighus noko seinare var også vellukka. Leveransane var oppe i 35-40 i året, og storbygget i Beinavikjo vart reist.

No har generasjon nummer 4 teke over og følger ei nøktern, men likevel ekspansiv line.

Også frisørsalongen Zjakk gjekk bra i fjar, med eit årsresultat på 266 000 mot 77 000 året før. Driftsintektene i salongen var 2 745 000 kroner.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen